

BEREKRAFTSRAPPORT · VSME GRUNNMODUL

2025

Ymsir AS

VSME er den frivillige EU-standard for berekraftsrapportering i små og mellomstore verksemdar, tilrådd av EU-kommisjonen i juli 2025 og omsett til norsk av Finansdepartementet.

INNHALD

- 2 Om Ymsir AS og innleiing
- 3 Ymsir AS i tal – 2025
- 4 Vesentlege tema, risiko og vegen vidare
- 5 Miljø (E) og sosiale forhold (S)
- 6 Selskapsstyring (G) og samandrag

Om Ymsir AS

Organisasjonsnummer	925 928 216 – stifta 21.10.2020
Selskapsform	Aksjeselskap med éin eigar, Anne Mette Hjelle
Dagleg leiar og styremedlem	Anne Mette Hjelle. Dag Solheim er styreleiar.
Kontoradresse	Peak Sunnfjord, Hafstadvegen 23, 6800 Førde
Forretningsadresse	Middagsteigen 8, 6810 Førde
Føremål	Bedriftsrådgjeving og konsulenttenester
Tenester	Workshops, rådgjeving og prosjektleiing innan kommunikasjon, strategi og berekraft.
Tilsette	Éin tilsett gjennom heile 2025
Registrering	Enhets-, Føretaks-, Meirverdiavgifts- og Arbeidsgjevarregisteret. Ikkje revisorpliktig.
Rapporteringsperiode	Rekneskapsåret 2025 (01.01.2025–31.12.2025)

Innleiing frå dagleg leiar

Ymsir AS er ei lita, tenesteytande verksemd med éin tilsett. Vi hjelper andre med kommunikasjon, strategi og berekraft, og samarbeider med leverandørar og medlemsorganisasjonar på dei same felta.

Ambisjonen er å bidra der vi kan, med det vi kan – og vere opne om korleis vi arbeider. Nettopp fordi vi bed andre verksemdar om det same, må vi tole å bli sett i korta sjølv.

Dokumentet fortel kva som kjenneteiknar selskapet, og korleis drifta verkar inn på økonomi, menneske, klima og miljø. I år er rapporten kutta frå ni til seks sider og lagd tettare opp til VSME, slik at innhaldet er lettare å kjenne att for kundar, bankar og oppdragsgjevarar.

Tala er henta frå rekneskapsprogrammet Fiken. Der vi manglar eksakte data, seier vi det og bruker estimat framfor å la punktet stå tomt.

Ta kontakt om du har spørsmål eller framlegg til forbetring. God lesnad!



Anne Mette Hjelle
Eigar og dagleg leiar

Ymsir AS i tal – 2025


Tala under er henta frå Fiken og gjeld rekneskapsåret 2025, med 2024 som samanlikningsår. Alle beløp er avrunda til heile kroner.

INNTEKTER	KOSTNADER	RESULTAT
1 449 740	1 446 044	3 695
kroner. –14 % frå 2024	kroner. –0,1 % frå 2024	kroner. 231 971 i 2024

Året i kort form: inntektene fall med om lag 230 000 kroner medan kostnadene låg stille. Med tilnærma fast kostnadsnivå går heile differansen rett i resultatet. Overskotet på 3 695 kroner er reelt sett eit nullår. Selskapet har solid eigenkapital og inga gjeld av betydning, så dette er ei svekking av resultat og ikkje ei likviditetskrise.

FIGUR 1


Inntekter fordelte på kundar



Kundekonsentrasjon: dei tre største kundane står for 78 prosent av inntekta, den største åleine for 45 prosent. I 2024 hadde selskapet fleire mellomstore oppdrag. Det største kundeforholdet er langvarig og godt etablert, men konsentrasjonen er den tydelegaste endringa i risikobiletet vårt. Sjå side 4.

FIGUR 2

Kostnader fordelte på type



Kostnadsbiletet: lønn, feriepengar, arbeidsgjevaravgift og tenestepensjon utgjør 1 132 741 kroner, eller 78 prosent av kostnadene. Resten er i hovudsak kontorleige, programvare og utstyr – som venta for ei verksemd som sel kompetanse. Største leverandørar: Peak Sunnfjord AS (65 855 kr), Nordea Liv AS (63 089 kr) og Kontorsenteret AS (19 644 kr).

Vesentlege tema, risiko og vegen vidare

Kvifor VSME?

VSME er utvikla av EFRAG og tilrådd av EU-kommisjonen frå juli 2025, for verksemder som oss – for små til å vere omfatta av CSRD, men store nok til å få spørsmål om berekraft frå kundar, bankar og innkjøparar. Grunnmodulen dekkjer scope 1 og 2, energibruk, nøkkeltal om tilsette og retningslinjer mot korrupsjon. Full vesentlegheitsanalyse er ikkje kravd. Ein rapporterer på det som er relevant.

Vesentlege tema

Vurderinga byggjer på bransjekunnskap, dialog med kundar og partnerar, og ein gjennomgang av risiko og moglegheiter:

- **God kvalitet og kundeforhold.** Tillit, kompetanse, klare avtalar og gode system – grunnlaget for at selskapet har oppdrag. Berekraftsmål 8.
- **Berekraft inn i strategi og drift.** Å få kundar, eller selskap der Hjelle er i styret, til å ta berekraftige val – strategi, innkjøp og rutinar – ikkje berre i rapporteringa. Rapportering er eit verkemiddel, ikkje målet. Delmål 12.6.
- **Klimahandling gjennom kunderådgeving.** Vi kuttar mest utslepp gjennom det vi hjelper andre med, ikkje gjennom eiga drift. Delmål 13.3.
- **Samarbeid for å nå måla.** Støtte til relevante initiativ. Berekraftsmål 17.

Risikovurdering

Selskapet er lite eksponert for økonomisk, miljømessig eller operasjonell risiko. Klimarisikoen er låg og den direkte miljøpåverknaden minimal. To forhold peikar seg ut for 2025:

- **Kundekonsentrasjon.** 78 prosent av inntekta kjem frå tre kundar. Konsentrasjonen blir moderert av at det største kundeforholdet er langvarig og godt etablert. Risikoen ligg i konsekvensen av eit bortfall, ikkje i sannsynet. Tiltak: breiare kundegrunnlag i 2026 og lengre avtaleperiodar der det er mogleg.
- **Personavhengigheit.** Éin tilsett, og lengre sjukefråvær vil i praksis stoppe drifta. Tiltak: fokus på god helse, samt nettverk av underleverandørar og dokumenterte prosessar slik at oppdrag kan overtakast.
- **Andre risikoar** er marknad og etterspurnad, og tap av sentrale samarbeidspartnarar. Vurderte som moderate.

Vegen vidare

- **Tillit og god drift.** Kjenne kunden godt, sikre at leveransen samsvarar med strategien, og gje kunden innsyn i prosess og tidsbruk. Vurdere it-tryggleik årleg og byggje breiare kundegrunnlag.
- **Ansvarleg verksemd.** Bidra til at fleire verksemder blir Miljøfyrtårn-sertifiserte eller skaffar seg kunnskap om klima og miljø, sosiale forhold og selskapsstyring, og til at fleire tek berekraftige val.
- **Kurs og formidling.** Kurs og workshops skal gjere kundar meir medvitne om berekraftig strategi og ansvarleg drift, og motivere dei til å dele kunnskapen vidare. God tilfredsheitsscore er målet.
- **Samarbeid.** Etterspørje transparens og berekraftige løysingar frå viktige interessentar. Halde fram forpliktinga til Grønnavaskingsplakaten og medlemskapa i FINS og Miljøfyrtårn.

Miljø (E) og sosiale forhold (S)

KLIMA OG MILJØ (E)

Selskapet driv tenesteytande verksemd frå leigd kontor plass i kontorfellesskapet Peak Sunnfjord. Risikoen for direkte negativ miljøpåverknad er vurdert som låg.

Scope 1	Ingen direkte utslipp. Selskapet eig ikkje køyretøy og forbrukar verken olje eller gass.
Scope 2	Indirekte utslipp frå elektrisitet blir styrt av huseigar. Vi leiger om lag 25 kvm inkludert fellesareal, med automatisk lysregulering. Vi har ikkje tilgang til data for samla straum- og vassforbruk i kontorfellesskapet og kan difor ikkje talfeste utslippet. Sett opp mot arealet er det lite vesentleg.
Scope 3	Det mest relevante, først og fremst nedstraums gjennom bruken av tenestene våre. Sjå under.

Der vi faktisk gjer størst forskjell

Tal arbeidsplassar er lågt og klimaavtrykket vårt er lite. Effekten av arbeidet vårt er det ikkje. Ein kan bruke kreftene på å slokke lyset i sine egne 25 kvadratmeter, eller på å hjelpe andre verksemder med å skru ned sitt forbruk. Vi prioriterer det siste.

- **Miljøfyrtårnsertifisering:** To bedrifter innan bygg- og anlegg i Førde blei sertifiserte med hjelp frå Ymsir i 2025 og ein blei satt i gang.
- **Strategi og drift:** Vi når mange viktige interessentar med råd om berekraftige val gjennom å vere innleigd administrasjon for IT-forum Vest og Sunnfjord Utvikling og å ha styreverv.
- **Reiser:** Dei fleste møta går på video, så reiseaktiviteten er låg. El-bil til bilkøyring, hovudsakleg i gamle Sogn og Fjordane. Jobb i Bergen med offentlig transport. Tal flyreiser i 2025 var 1 mot to t/r Oslo i 2024. Andre flyreiser var i samband med styreverv i andre verksemder, men også der er dei fleste møta på video.
- **Avfall:** vi manglar data over samla avfallsmengd, men mengda er ikkje vesentleg og vi sorterer i størst mogleg grad. Sorteringsløysingane i kontorfellesskapet, som vi bidrog til, er i drift.

SOSIALE FORHOLD OG SAMFUNNSANSVAR (S)

- Den tilsette har arbeidskontrakt og pensjonsordning. Vi legg vekt på opplæring, helseførebygging, kompetansebygging, arbeidsrettar og anstendig arbeid, også i leverandørkjeda.
- Kontoret ligg i eit kontorfellesskap med over 40 verksemder – gründerar, oppstartsselskap, teknologibedrifter og verkemiddelapparat. Verdifullt både fagleg og sosialt, og motverkar isolasjonen som følgjer med å vere åleine i eige selskap.
- Medlemskapa blei rydda i 2024 og er uendra i 2025: Førde Industri og Næring (FINS) og Stiftelsen Miljøfyrtårn. Det gir kursing, ressursar og nettverk.
- Lokal verdiskaping er viktig. Selskapet eig aksjar i investeringsnettverket Peak Venture, og Hjelle er inne der òg gjennom det familieeigde Fjordvekst AS. Hjelle sit i styra for begge.
- Varer og tenester blir kjøpte inn så lokalt som råd.
- Eigiar og dagleg leiar bidro som jury i Ungt Entreprenørskap Vestland også i 2025.
- Eigiar og dagleg leiar var i 2025 styremedlem i NOK Norge, Fjordvekst Holding AS, Fjordvekst AS og Sunnfjord Miljøverk IKS, i tillegg til Peak Venture AS. Sjå brreg.no.

Selskapsstyring og samandrag

SELSKAPSSTYRING (G)

- Samfunnsansvar er del av strategien, og vi er i dialog med interessentgrupper for å avdekkje ESG-risiko og vesentlegheit. Vi har policy for berekraftig forretningspraksis med nulltoleranse for korrupsjon, og har ikkje registrert brot, mistanke eller varsel i 2025.
- Omsetninga i 2025 var 1 449 740 kroner med eit overskot på 3 695 kroner, mot 1 680 183 og 231 971 kroner i 2024. Kostnadsnivået – i første rekkje lønn og lønnsrelaterte kostnader – heldt seg oppe medan inntekta gjekk ned.
- Hovudprogramvara er Fiken (rekneskap og timeføring), TeamGantt (prosjekt) og Google Workspace. Office 365 ved behov og i møte med kundar som føretrekkjer det.
- Bruken av generativ kunstig intelligens til sparring, dokumentproduksjon, prosjektarbeid og analyse heldt fram i 2025, og vi tok i bruk Claude i tillegg til ChatGPT Pro og Perplexity. Personvern og datahandsaming blir vurderte før nye verktøy, og vi legg ikkje sensitive kundedata inn i generelle AI-tenester.
- Totrinns-autentisering er regelen. Risikobiletet blir gjennomgått årleg, og it-tryggleikskompetansen halden ved like gjennom fagleg påfyll i nettverk.
- Selskapet har éin aksjonær og difor ikkje valkomité, styregodtgjersle eller aksjonæravtale. Vi deler informasjon om korleis vi tek ansvar på eiga nettside.

Samandrag 2025

Ymsir AS er eit lite rådgjevingsselskap i Førde som i 2025 hadde éin tilsett og leverte tenester innan kommunikasjon, strategi og berekraft til privat og offentleg sektor.

Økonomisk blei 2025 eit nullår: omsetning 1 449 740 kroner og overskot 3 695 kroner, mot 231 971 året før. Inntektene fall medan kostnadene heldt seg. Selskapet har låg risikoprofil og minimalt klimaavtrykk, men ein tydelegare kundekonsentrasjon som vi arbeider med å balansere.

Hovudbidraget vårt skjer gjennom kundane. Kompetanseheving, tidsstyring, deltaking i styre og tilknytning til lokale og nasjonale nettverk var prioriterte satsingsområde også i 2025.

Frå og med denne rapporten følgjer vi VSME. Det gjer rapporten kortare og lettare å kjenne att for kundar og finansielle motpartar. Målet er uendra: å medverke til meir berekraftig utvikling for kundar og lokalmiljø, styrkje samarbeidet med andre, og bidra til openheit.



Anne Mette Hjelle
Eigar og dagleg leiar
10.8.2026



Dag Solheim
Styreleiar
10.8.2026